

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Gruppearane i fylkestinget, møte 28.09.15, kl. 11-13, fylkeshuset – møterom Sygna

Kopi til: OIG, her.

Regionreforma

Fylkesrådmannen viser til møtet i FU 17.08.15, sak 80/15, Skriv og meldingar, Notatet om «Regionreforma», med 6 enkle vedleggsnotat.

FU konkluderte då, utan å gå inn i saka, med at i gruppearane skulle kallast saman til eit eige møte på regionreforma måndag 28.09.15. Det er bakgrunnen for dette notatet.

18.08.15 fekk fylkesrådmannen tilsendt vedlagde notat frå KS (feil dato), «Grunnlagsnotat til drøftingar om et fremtidig regionalt folkevalgt nivå». Dette er utforma etter tidlegare drøftingar i m.a. fylkesrådmannskollegiet. Notatet oppsummerer føringar og planar for Regionreforma, og viser m.a. til følgjande frå regjering og Storting:

Innhald/substans

- Vi skal framleis ha tre forvaltningsnivå – stat, regionar og kommunar.
- Alle oppgåver bør liggje på lågast mogleg effektive nivå.
- Staten bør ta seg av oppgåver som skal utførast likt over heile landet.
- Oppgåver som føreset lokalkunnskap og lokale initiativ bør liggje til lægre nivå.
- Regionane sine oppgåver bør knytast til samfunnsutvikling og tenesteproduksjon.
- Nye oppgåver til regionane føreset færre fylkeskommunar/større regionar.

Prosess/framdrift

- Regjeringa vil våren-16 kome med ei st.melding om nye oppgåver til regionane.
- Kommunane er oppmoda om å vedta kva struktur ein går for seinast 30.06.16.
- Fylkeskommunane vert oppmoda om å gjere tilsvarande vedtak seinast 31.12.16.
- Regjeringa vil våren-17 foreslå nye region- og kommunestrukturar.
- Dei nye strukturane skal gjelde frå 2020 (valet hausten 2019).

Vedlagte notat viser at vi må gjere endelege strukturvedtak seinast i okt-16 dersom vi skal kunne påverke regjeringa sitt arbeid. Det betyr igjen at vi må ha landa ein prosess i løpet av ein periode på 12-13 månader. Vi har m.a. ord lite/dårleg tid.

Vestlandsrådet (VR)

Fylkesordføraren har ved tre høve, frå nov-14 til mai-15, utfordra VR på om vi skal få oss førelagt ei sak om ei ev. regionalisering på Vestlandet. Spørsmålet er kvar gong avvist. Saka har ikkje vore reist etter at regjeringa 2.07.15 kom med sitt tidlegare utsende brev (FU 17.08.15) – «Invitasjon til å delta i reformprosessen».

Neste møte i Vestlandsrådet er til orientering 11.11.15 (Førde).

Fylkesutvalet

FU slutta seg i sak 1/15 til konklusjonane i det oppgåverelaterte arbeidet fylkesordførar-kollegiet gjennomførte i 2014. I høve den føreståande prosessen uttalte FU følgjande:

«Prosesen med å vurdere ev. endringar av det regionale folkevalde nivået bør starte i det einkilde fylke i 2015 med siktemål om vedtak i fylkestinga hausten-16.»

Tilsvarande vedtak er gjort i dei andre fylkeskommunane.

Sentralt ser vi no at dette er følgd opp i den kommuneretta oppgåvemeldinga regjeringa kom med i vår (Meld. St. 14 (2014-15)) og gjennom Stortinget si handsaming. Det er varsla ei tilsvarande oppgåvemelding for fylkeskommunane/regionane våren-16.

Fylkestinget/KS Sogn og Fjordane

FT (sak 5/15) og KS i fylket initierte i vår eit prosjekt der ei faggruppe skal vurdere oppgåvedelinga i fylket vårt. Prosjektet vil bli avslutta no i haust. Ambisjonen er å auke kunnskapen/merksemda om oppgåvesida i strukturreformene. Prosjektet vil truleg vise at dei største oppgåvene til dagens fylkeskommune neppe vil vere «truga» nedanfrå, men at vi må bli større for å kunne få tilført nye tunge oppgåver. Prosjektet kan såleis vere av ein viss interesse for regionaliseringsprosessen, men det vil i seg sjølv ikkje gje svar på kva strategi vi no bør satse på.

Nokre vurderingar

Fylkesrådmannen meiner at vi i vår tenking bør ta utgangspunkt i følgjande:

- Sogn og Fjordane er landets 8. største fylke målt i areal, men nest minst målt i folketal (knappt 109.500). Vi har det største arealet av fylka på Vestlandet. Vi har 26 kommunar, men kan få færre. Gjennomsnittleg innbyggjartal pr. kommune er 4.200. Berre Finnmark, som har det desidert største arealet, har eit lægre tal.
- Sogn og Fjordane ligg bra sentralt til i Sør-Norge, men har samtidig mykje spreidd busetting. Vi er kanskje landets mest distriktsprega fylke gjennom kombinasjonen av spreidd busetting og mangel på store, dominerande byar.

Fylkesrådmannen tolkar det som ligg føre av uttrykte preferansar i fylket vårt i retning av at mange, og kanskje dei fleste, ønskjer at vi skal bestå som ei eiga eining (ev. region). Fylket sin storleik og kanskje særleg innbyggjartalet, inneber likevel at vi vil vere eitt av dei «utsette» fylka dersom det skulle gå mot færre regionar.

Val av strategi

Fylkeskommunen kan no velje mellom ulike strategiar. Ytterpunkta vil her kanskje vere:

- Sitje stille i båten.* Dvs. gjere ingenting. Ei slik strategi kan vere tenleg dersom ein ikkje ønskjer at det skal skje noko og ein trur at det heile vil «gå over». Det kan og vere tenleg å velje ein slik strategi dersom ein trur det vil vere best for eigen del at andre tek ev. initiativ. Ein slik strategi kan og bli ein indirekte konsekvens av intern uvisse, maktesløyse og kanskje usemje.
- Ta eit konkret initiativ.* Ein slik strategi kan i denne samanheng innebære at ein til dømes kjem med eit utspel eller tek eit initiativ langs dei liner som er trekt opp for føreståande regionreform.

Det å i utgangspunktet markere eit standpunkt, t.d. i retning av å ville vere eit eige fylke/ein eigen region og å byggje opp ei argumentasjonsrekke som understøttar dette, vil kanskje bli sett på som ei mellomløyse. Fylkesrådmannen vil for sin del meine at denne strategien - for vår del - vil nærare opp mot det «å sitje stille i båten». Det kan kanskje hevdast at fylket nord for oss har lagt seg på ei slik line.

Preferansar

Fylkesrådmannen tillet seg å meine at Sogn og Fjordane no bør markere at vi - på ein eller annan måte - ønskjer ei stor vestlandsløysing, men at vi vil knyte veldig klare vilkår til ei slikt løysing. Samtidig bør vi gjere det klart at alternativet for oss vil vere å bestå som eige fylke/eigen region.

Reint faktisk vil eit Sogn og Fjordane slått saman med Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal få 1.340.000 innbyggjarar, dvs. 26% av landets befolkning. Det geografiske nedslagsfeltet vil tilsvare dagens Vestlandsråd. Dersom staten delegerer t.d. regionveg-funksjonen, regional ressursforvaltning, regional forskning, regionale kulturinstitusjonar og kanskje heile eller delar av spesialisthelsetenesta til ein slik region, vil denne kunne bli ei kraftfull eining. Det at andre fylke så langt har vore negative til ei slik løysing, viser at dette kan vere vanskeleg å få til. Likevel: Vestlandsfylka har gjennom ei årrekkje hatt eit visst formalisert samarbeid og er dessutan «naboar». Det er i seg sjølv eit argument for at vi i det minste bør kunne snakke saman. Det er først no at regjering og Storting har kome med sitt startsignal.

Ein ev. overgang til ei landsdelsløysing må utvilsamt koplast til ei rekke absolutte vilkår og premissar:

- Eg trur dei viktigaste vilkåra må rette seg mot statlege styresmakter og dreie seg om å overføre tilstrekkeleg tunge oppgåver til regionane, samtidig som det skjer ei tilsvarande nedbygging på statleg side. Staten si hang til å vilje kontrollere kommunesektoren må og tonast ned. Dette må erstattast med tillit til og tru på det lokale og regionale folkestyret.
- Dei vitigaste premissane bør nedfelle seg i meir interne viljesdokument som må bidra til å sikre ei god utvikling i heile landsdelen.

Dersom vi går for ei slik landsdelsløysing, og ikkje får med oss naboane og/eller regjering og Storting, vil det vere mykje enklare å argumentere for at vi alternativt bør få halde fram som eige fylke/region.

Kva gjer vi no?

Dersom dette kan vere ein aktuell veg, tillet eg antyde at saka kan takast vidare slik:

1. Ein set saka på dagsorden alt under FT 13.10.15. Dette vil vere i samsvar med tilrådinga i vedlagde notat, der det heiter at fylkestinga alt i okt.-15 bør vedta eit «politisk mandat» for det vidare arbeid. Det vil dessutan vere ei god oppfølging av tidlegare vedtak i FU, jf. sak 1/15 (sjå over).
2. Til nemnde FT bør det liggje føre ei enkel tilråding frå FU. Denne kan fremjast 12.10.15, ev. alt 30.09.15. Det bør vere tilstrekkeleg at FU/FT her viser til kommunalministeren sitt brev av 2.07.15 og tilrår/vedtek at det skal fremjast ei eiga sak om korleis vi skal møte regionreforma. Denne kan leggjast fram for FT 08.12.15.
3. I FT sitt ev. vedtak no i oktober, kan ein vise til fylkesrådmannen sitt notat til gruppeleiarane 28.09.15 (dette notatet), og be om at dette ev. vert vidareutvikla. Ev. kan ein gje andre føringar. Det er ikkje rimeleg å be fylkesrådmannen førebu ei sak som dette utan å gje tilstrekkelege politiske føringar.
4. I eit ev. vedtak i FT 13.10.15, bør det dessutan liggje inne ein tilstrekkeleg fleksibilitet. I det ligg at fylkesrådmannen og FU - før FT i desember 2015 - må ha høve til å tilpasse føreliggjande tenking til det som måtte skje i mellomtida. Jf. t.d. møtet i Vestlandsrådet 11.11.15 og føreliggjande planar om å samle alle fylkesordførarar og fylkesrådmenn i nov.-15 (jf. vedlagde notat).

For utfyllande kommentarar/fakta – sjå vedlagde notat frå KS.